

Orientering til høyringspartane

Generelt

NVE har heimel til å gje løyve etter vassressurslova § 8 jf. § 41 i saker som gjeld vassdragstiltak, unntatt mini- og mikrokraftverk og kraftverk over 10 MW. Denne orienteringa gjeld vassdragstiltak som ikkje er energianlegg eller er omfatta av *"Forskrift om konsekvensutredninger"*.

NVE si handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd

NVE tek i mot og handsamar søknader om løyve til vassdragstiltak etter vassressurslov § 8. Høyring skjer etter reglane i vassressurslova § 24.

Søknaden vert sendt på høyring og lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker. Utlekkinga vert kunngjort i Vaksdalsposten og Bergens Tidende.

Høyringsfråsegn kan sendast inn **elektronisk** via saka si side på internett, per **e-post** til nve@nve.no, eller per **post** til Noregs vassdrags- og energidirektorat, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Søkjær får høve til å kommentere innkomne fråsegner. NVE kan arrangere synfaring i området etter at søkjær har kommentert innkomne fråsegner. Alle som har gjeve fråsegn vil bli invitert på synfaringa.

Søknaden, synfaringa og innkomne høyringsfråsegner er viktige grunnlag for NVE si vurdering. NVE fattar vedtak i saka etter kriteriet i vassressurslova § 25.

I heilskapsvurderinga står NVE fritt til å vurdere om løyve bør gjevast og i kva omfang. Vedtak blir alltid grunngjeve.

Dersom NVE gjev løyve/konsesjon, kan det bli knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26.

Vilkåra kan omfatte byggjefristar, særlege omsyn som må tas ved gjennomføring av tiltaket (avbøtande tiltak), naturforvaltning, fornminne og sanksjonar ved ev. brot på vilkåra.

NVE si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt underretning er kome fram til parten. Klageåtgangen er avgrensa til dei som har klagerett.

Kva vert venta av høyringsinstansane?

Formålet med høyringa er å få synspunkt på dei planane som føreligg. Vi ønskjer grunngjevne synspunkt på om planane bør gjennomførast, eventuelt val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også grunngjevne forslag til avbøtande tiltak som kan redusere skadane ved gjennomføring av planane.

NVE ventar at **kommunen** omtalar tilhøve knytt til kommuneplanen og andre kommunale planar. Vi ber kommunen om å informere om kjente allmenne interesser (f.eks. landskap, friluftsliv, vassuttak, fisk og vilt) som tiltaket kan få følgjer for, og ev. andre tilhøve som kan få innverknad på gjennomføringa.

Fylkesmannen bør leggje vekt på tilhøva kring miljø, medrekna biologisk mangfald, og vurdere tiltaket i høve sektorlovgevinga.

Fylkeskommunen bør leggje vekt på forvaltningsplanar, kulturminne og friluftsliv, som er særleg ansvarsområde for fylkeskommunen.

Vi syner til våre nettsider for meir informasjon: www.nve.no/konsesjoner